

# VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR I MASFJORDEN

Sist endra av kommunestyret 11/12 2017, sak 76/2017.

## §1 EIGARTILHØVE FOR BARNEHAGEN

Masfjorden kommune eig og driv Indre Masfjorden, Nordbygda og Sandnes barnehagar. Barnehagane blir administrert av rådmannen. Kommunestyret har det politiske ansvaret for barnehagedrifta.

## §2 FØREMÅL

Barnehagen skal i nær forståing og samarbeid med heimen ivareta borna sin trong for omsorg og leik, og fremja læring og danning. Barnehagane skal byggja på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon. Barnehagen skal stimulera barna til å bruka og utvikla eigne evner og anlegg. Ein skal gje dei eit godt grunnlag til å verta sjølvstendige, tolerante og skapande menneske.

## §3 SAMARBEIDSUTVAL

Barnehagen skal ha eit samarbeidsutval, jfr. "Lov om barnehagar" kap II §4. Foreldre og tilsette vel sine representantar til samarbeidsutvalet.

Kommunestyret nemner opp representantar frå kommunen.

I samarbeidsutvalet sit fylgjande:

- 1 representant oppnemnd av og frå foreldra
- 1 representant oppnemnd av og frå kommunestyret
- 1 representant frå dei tilsette

Styrrar er sekretær for samarbeidsutvalet og har uttale og forslagsrett.

## §4 FORELDRERÅDET

Barnehagen skal ha eit foreldreråd, jfr. "Lov om barnehagar" kap II §4. Forskriftene §1-3 seier korleis foreldrerådet er samansett og kva oppgåver det har. Foreldrerepresentantane og deira vara til samarbeidsutvalet skal til ei kvar tid utgjera eit arbeidsutval i foreldrerådet.

## §5 TILSETJING AV PERSONALE

Personale vert tilsett etter dei til ei kvar tid gjeldande retningslinjer/vilkår i Masfjorden kommune. Styrrar og pedagogisk leiar skal ha førskulelærerutdanning.

Rådmannen kan gje dispensasjon frå utdanningskravet dersom det ikkje er søkjarar med godkjend utdanning. Ved tilsetjing av personale med manglande kompetanse nyttar ein tidsavgrensa arbeidstilhøve med dei til ei kvar tid gjeldande rettar for tilsette i Masfjorden kommune. Dei som vert tilsette i barnehagane, skal leggja fram politiattest etter dei gjeldande bestemmelsar i lov og regelverk.

## § 6. OPPTAK AV BARN

Kommunestyret i Masfjorden vedtek kriterium for opptak av barn til barnehagen. Opptak skjer i samsvar med desse. Barnet har barnehageplass til dei seier opp denne, jfr. §7, eller til barnet tek til i grunnskulen. Det er samordna opptak i barnehagane.

### Prosedyre for opptak:

- a) Ein søker på fastsett skjema
- b) Søknaden vert sendt barnehagen.
- c) Styrar set opp oversikt over søkerane og lagar innstilling.
- d) Masfjorden kommune har to barnehageinntak for året. Søknadsfristen er 1.mars og 1.oktober, med oppstart 15. august og 1. januar.
- e) Klageinstans er Masfjorden formannskap
- f) Klagefrist er 3 veker etter at ein har mottatt meldinga.
- g) Ein skal gi skriftleg melding om at ein tek imot plassen innan 2 veker etter at ein fekk melding om tildelt plass. Dersom barnehagen ikkje får slik melding innan fristen, kan ein missa plassen.

### Inntakskriterii for barnehagane.

Kriteria står i prioritert rekkefylgje.

- 1 Funksjonshemma born som kan ha nytte av barnehagetilbodet. Dette må vera skriftleg dokumentert av lege, helsesyster eller PPT.
- 2 Born med tilråding frå lege, helsesyster, PPT eller barnevern  
Tilrådinga må vera skriftleg dokumentert.
- 3 5-åringane
- 4 Sysken til born som har plass, busette i Masfjorden
- 5 Alle andre søkerar busette i Masfjorden kommune. Søklarar under dette punktet vert prioritert slik at den som er eldst, går føre.
- 6 Born av aleineforeldre
- 7 Born av foreldre som begge er i inntektsgevande arbeid, har lovfesta permisjon eller tar utdanning.
- 8 Søklarar som har levert søknad etter fristen

Søklarar frå andre kommunar kan få plass for eit år om gongen dersom det er ledige plassar og ingen ventelister etter hovudopptak.

## §7 OPPSEIING OG ENDRING AV TILBODET

- Dersom ein ønskjer ei endring av tilbodet barnet har, i løpet av barnehageåret, må ein søkja om dette til barnehagen ved styrar. Søknaden vert vurdert etter dei vedtekne kriteria for opptak. Barnehagebarn skal ikkje missa noverande plass før ny barnehageplass er sikra.
- Frist for å seia opp plass er innan den 1. i kvar månad. Oppseiingstida er 3 månader. Det er ikkje høve til å seia opp plassen etter 15. april.
- Barn som skal seia opp plassen gjeldande frå neste barnehageår, må gjera det innan 15. april.
- Dersom det står barn på ventelista som ved opptak vil sikra at barnehagen ikkje har ledige plassar, kan oppseiingsfristen reduserast til 1 månad.
- Fristen kan fråvikast ved særskilde grunnar. Særskilde grunnar er dersom barnet er heilt avskore frå å nytta plassen, t.d. flytting, sjukdom over 1 månad osv.

## **§ 8 BARNEHAGEALDER**

Barn som fyller 3 år i løpet av året, vert rekna som 3-åringar frå 15. august.

## **§9 OPNINGSTIDER**

- Dei kommunale barnehagane i Masfjorden har ope frå kl. 07.15 til 16.30
- Dersom det er kapasitet i barnehagen (areal/bemanning), vert det gjeve tilbod om ekstradagar. Ekstradagar er dagplassopphald utanom tildelt barnehageplass.
- Barnehagen er open mellom jul og nyttår, men er stengd jule- og nyttårsaftan.
- Barnehagen er open i påskeveka fram til kl. 12.00 onsdag før Skjærtorsdag. Alle barn skal ha minimum 3 veker samanhengande ferie og til saman 4 veker ferie i barnehageåret.
- Barnehagen er stengd inntil 3 veker samanhengande om sommaren. Styrar syter for bindande kartlegging før 1. mai på kva tid barna skal ha ferie. Barnehagen og SFO samarbeider om kva veker barnehagen og SFO skal halda stengt.
- Styrar syter for bindande kartlegging av behov for barnehageplassar i jule- og påsketida.

Rådmannen kan etter ei samla vurdering av behov for barnehageplass på desse tidspunkta, avvika frå å halda ope etter dialog med foreldra.

## **§10 PLANLEGGINGSDAGAR**

Barnehagen har 5 planleggingsdagar i barnehageåret. Desse dagane er barnehagen stengd og dei vert rekna som ei ferieveke for borna. Planleggingsdagane bør så langt mogleg leggast til dagar skulen har fri. Foreldra/dei føresette skal ha kjennskap til desse datoane så tidleg som råd er. Rådmannen utarbeider ei skule- og barnehagerute etter føresegnene om skulerute.

## **§ 11 AREALUTNYTTINGA**

Arealutnyttinga følgjer dei normene og retningslinjene som kommunestyret har vedteke: 3,5 – 4 kvm leike/opphaldsareal for born over 3 år, 8 kvm leike/opphaldsareal for born under 3 år.

## **§ 12 UTLEIGE AV BARNEHAGEN**

Barnehagen kan leigast av private til barnedåp eller konfirmasjon. Ved utleige kan det nyttast personalinngang, fellesrom og kjøken. Kommunestyret fastset eventuell leigesum. Samarbeidsutvalet avgjer eventuell utleige til andre føremål, og utleige av andre rom i barnehagen. Samarbeidsutvalet skal sjå til at utleige av lokala ikkje er til hinder for drifta av barnehagen. Føresetnaden for leige av barnehagen er at ein rettar seg etter gjeldande ordensreglar.

## **§ 13 FORELDREBETALING**

- Kommunen fastset foreldrebetalinga
- Krav om foreldrebetaling vert sendt med 14 dagars betalingsfrist, tidlegast 20. i kvar månad. Eigaren, Masfjorden kommune ved rådmannen, kan seia opp barnehageplassen dersom ikkje innbetaling finn stad til rett tid. Varsel om oppseiing av kontrakten vert sendt ut saman med inkassovarsel, og oppseiinga vert sendt når saka går til inkasso. Oppseiingstida vil vera 1 månad.
- Ekstradagar det er gjort avtale med barnehagen om, skal betalast for av forelder/foreldre sjølv om dei ikkje nyttar plassen.

#### **§ 14 IVERKSETJING OG ENDRING AV VEDTEKTER**

- Endringar i desse vedtektene kan berre gjerast av eigar, etter uttale frå Samarbeidsutvalet.

#### **§ 15 TEIEPLIKT**

Dei som handsamar saker i samband med barnehagen, har teieplikt i samsvar med barnehagelova §21.

#### **§ 16 INTERNKONTROLL**

Barnehagen følgjer kommunen sitt internkontrollsystem

#### **§ 17 GEBYR**

Eigaren, Masfjorden kommune ved rådmannen, kan ileggja foreldra eit gebyr når borna ikkje vert henta innan stengetid. Gebyret vert ilagt pr. påbegynt halvtime og vert fakturert saman med den ordinære betalinga. Gebyret vert ilagt pr. forelder/foreldre og blir justert saman med den ordinære betalingsatsen.

Dersom barnehagen ikkje opnar til rett tid om morgonen, kan foreldra krevja reduksjon i betalinga etter dei same reglane som i punktet ovanfor.